

Frist: 24. april

Sendes til: postmottak@kmd.dep.no

Årlig rapport BOLYST

Til: KMD

Fra: Bø Kommune

Dato: 24. april 2014

Kommune:	Bø kommune
Prosjektnavn:	ROM for ALLE
Prosjektleder:	Anne Gry Sturød Prosjektgruppemedlem: Kristin Karlbom Dahle, Hilde Pedersen
Leder i styringsgruppen:	Åse Egeland (leiar), Olav Kasland, Augon Eika, Hans Kristian Lahus, Tormod Hynne, Geir Berge Nortveit
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Lene Hennum
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe x b) Forankring i befolkningen x c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt x
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	<p>Effektmål for hovudprosjektet</p> <ul style="list-style-type: none">• Auke tal studentar ved studiestad Bø med 150 innan 2020• Auke samla folketal i Midt-Telemark med 150 innan 2020• Auke tal besøkande i Midt-Telemark med 10 % innan 2020• Auke tal arbeidsplassar i Bø med 10 % innan 2020 <p>Det er for tidleg å seie noko om i kor stor grad prosjektet er på veg til å nå sine effektmålmål, men nylege prognoser frå SSB viser ei svært positiv befolkningsvekst for Bø.</p> <p>Resultatmål for hovudprosjektet</p> <ol style="list-style-type: none">1. Ferdigstille opparbeidinga av Evjudalen Friluftsområde2. Bidra til at eit privat gårdsrom blir opparbeid som attraktiv møteplass, som del av delprosjektet Bakgårdsrom og som pilotprosjekt for vidare samarbeid mellom kommune og privat utbyggjar3. Ha etablert litteraturfestivalen Bøker i Bø med eige styreorgan4. Ha gjennomført forstudie og forprosjekt for utandørs amfi ved Gullbring5. Etablert faste arrangement på Bø Torg

6. Etablert faste **aktivitetar i Evjudalen**

1.Evjudalen. Første del av opparbeiding av Evjudalen starta i desember 2012 . I byggetrinn 1 vart følgjande tiltak gjennomført:

- Opparbeiding av ein ny 400 m. gang- og sykkelsti, universelt utforma
- Oppgradering av 570 m eksisterande gang- og sykkelsti,
- Oppfylling av drenerande masser for tilrettelegging av det planlagde rekreasjonsområdet
- Opparbeiding av to nye fangdammar, samt utviding av eksisterande fangdam

Byggetrinnet skulle etter planen ha vore avslutta juni 2013. I april 2013 vart det imidlertid oppdaga feil ved tersklane til samtlege av dei tre fangdammene. Feilen førte til at dammene kollapsa i vårflaumen. Etter grundige undersøkelser, blant anna utført av eit ekstern konsulentfirma, vart det avdekka av kollapsen skuldast fleire alvorleg feil i prosjekteringa av dammane. Bø kommune er for tida i ein rettsleg prosess for å få dekt kostnader forbunde med kollapsen, samt for å bygge opp tersklene på ny. Denne hendelsen har ført til at denne delen av prosjektet har blitt ein god del forsinkelsar og vil krevje at prosjektet vidareførast til 2015.

Planlegginga av neste byggetrinn er no i gong. I dette byggetrinnet inngår opparbeiding av leike- og rekreasjonsområde, grillplassar, adkomstvegar og belysning.

Som ein del av ROM for ALLE-prosjektet vart det i 2013 utarbeid ein modell for frikjøp. Denne modellen går ut på at private utbyggjarar i Bø sentrum kan kjøpe seg fri frå deilar av kravet om uteoppfølsareal mot økonomisk kompensasjon som skal gå til vidare opparbeiding av Evjudalen.

2.Båkgårdsrom/ Skogenkvartalet

På bakgrunn av planlagd utbyggingsprosjekt i Skogenkvartalet tok Bø kommune initiativ til eit samarbeid med den private utbyggaren, Rose Eigedom AS. Bakgrunnen for initiativet var Skogenkvartalets nærleik til både Bø Torg og Evjudalen og eit ønske om at Skogenkvartalet skal utviklast i samanheng med det omkringliggande sentrumsbiletet og med kopling til Evjudalen og Bø Torg. Vidare var det eit ønskje om å legge til rette for etablering av ein fysisk møteplass/liten torgplass i kvartalet. Samarbeidet har vore utført i form av kreativ og praktisk orientert prosess, der kommunen saman med innleigde landskapsarkitekt og Rose Eigedom har diskutert felles behov, ønske og mulege løysingar. Samarbeidet med Rose har vore positivt, og det har i fellesskap blitt jobba fram løysingar, i form av skisser, som i meir eller mindre grad vil ivareta ønskjer og behov både hos utbyggjar og kommune.

Samarbeidet med Rose Eiendom kan nyttast som eit eksempel på ein samhandlingsmodell som vil ha overføringsverdi til andre utbyggingsprosjekt i Bø sentrum og som vil medverke til ein meir heilheitleg utvikling av Bø sentrum.

3. Bøker i Bø

Bøker i Bø vart gjennomført for andre gong 3.-5 mai 2013. Festivalen engasjerte om lag 50 forfattarar, artistar og andre engasjerte. Bøker i Bø 2013 valte å

satse meir på aktivitetar for barn med eigne skule- og barnehageopplegg, noko som vart godt mottatt.

Festivalen opplevde ei dobling i tal på besøkande samanlikna med i fjor, med ca. 1200 publikumarar på til saman 18 arrangement. Bøker i Bø vidareførde fjorårets profil som ung, modig og aktuell noko som prega det kunstnarlege innhaldet med spesiell fokus på nåverande og tidligare studentar ved forfattarstudiet. Festivalen fekk også i år god respons frå forfattarar samarbeidspartnarar og publikum, og fine omtaler i lokal- og fylkesmedia.

Bøker i Bø er eit samarbeid med Høgskolen i Telemark, først og fremst forfattarstudiet. Eit av delmåla til festivalen var å bygge bru mellom miljøet ved Høgskolen og resten av Bø-bygda. Dette er eit mål festivalen i stor grad har lukkast med og Bøker i Bø har blitt ein arena der både studentar og ansette ved Høgskolen og bygdas øvrige befolkning kan møtast.

I kraft av si status som friby for eksilforfattarar, har Bøker i Bø og hatt eit mål om å skape merksemd rundt temaet ytringsfrihet. Under Bøker i Bø 2013 hadde festivalen eigne programpostar der fribyforfattar Dessale Abraham Eritrea/Bø og Abdullahi Muhiaddin Somalia/Skien deltok.

Hausten 2013 har gått med på å planlegge Bøker i Bø 2014 som vil gå av stabelen 2.-4. mai 2014.

Prosjektet er i ein prosess for å få på plass styreorgan som skal stå klart innan utgangen av 2014.

4. Utandørs amfi ved Gullbring

I reguleringsplan for Evjudalen er det sett av areal til amfi ved Gullbring Kulturanlegg. På bakgrunn av dette vart det utført eit eige forstudie med formål å kartlegge ønske og behov for eit utandørs amfi ved Gullbring Kulturanlegg. Forstudiet var klart i april 2013 og lagt fram for styringsgruppa i juni 2013. På grunnlag av forstudiet, samt av hensyn til økonomien til prosjektet vedtok styringsgruppa å avslutte dette delprosjektet innanfor ROM for ALLE-prosjektet men at forstudiet kan brukast som grunnlag dersom Gullbring ønskjer å sette seg i føresette for vidare framdrift.

5. Faste arrangement på Bø Torg

Bø torg sto ferdig hausten 2011 som forprosjekt til ROM for ALLE prosjektet. I 2013 har vi jobba for å etablere faste arrangement og fylle torget med liv og innhald.

Kaffedagar: Kaffedagar vart oppretta som eit samarbeidsprosjekt mellom ROM for ALLE-prosjektet, Sentrumsringen i Bø og Reisemål Bø. Formålet med Kaffedagar var å skape aktivitet i Bø og Bø Torg spesielt, på ei elles roleg tid av året. Det var òg eit ønske om å bruke Kaffedagar som ein felles idédugnad for bygda, der ein kunne komme med innspel av ulik slag (sjå punktet om målgrupper lenger ned). I tillegg til ei rekke andre mindre arrangement, relatert til det sosiale rundt kaffedrikking, vart det utført to større arrangement på Bø Torg:

«Verdas største fastelavensris» på Bø Torg: Dette var eit arrangement der alle

	<p>barnehagane i Bø vart inviterte til å dekorere «verdas største» fastelavensris/ fastelavenstre som vart reist på Bø Torg til pynt. Samlege barnehagar takka ja til invitasjonen og om lag 100 barn deltok i pyntinga. Barnehagane var svært positive til arrangementet og ga utrykk for at dei gjerne ville delta på dette igjen. Det planleggast derfor eit liknande arrangement for 2014.</p> <p>Vintervarmt Torg: Dette vart arrangert i samarbeid med den lokale handelsstanden og Reisemål Bø og som ein del av Kaffedagar i Bø. Vintervarmt torg trakk til seg eit titalls utstillarar, heriblant Speidergruppa, Torgets Venner og Bø Tradisjonsmat. I tillegg til utstillarar føregjekk det ei rekke mindre arrangement, slik som eritreisk kaffeseremoni og kåring av Bøs beste kaffe. Ca 150 menneske var innom arrangementet.</p> <p>Vintervarmt Torg vart eit fint arrangement og dei som var til stades ga positiv tilbakemelding. Vi vurderar likevel at det generelt var låber interesse for arrangementet og at det er eit konsept som er utfordrande å arrangere på grunn av vêrforhold på denne årstida. Arrangementet kjem derfor ikkje til å vidareførast i 2014. Derimot jobbast det med å arrangere eit alternativt arrangement i samarbeid med Viko (studentfestival ved Høgskolen i Telemark) som ein del av Kaffedagar.</p> <p>Maimarknad og Oktobermarknad Maimarknad og Oktobermarknad vart gjennomført der Sentrumsringen (paraplyorganisasjonen til handelstanden i Bø) sto som hovedarrangør. Maimarknad vart arrangert samstundes med Bøker i Bø. Begge torgarrangementa var godt besøkte og bidrog til mykje positiv aktivitet på torget.</p> <p>Under maimarknad kordinerte ROM for ALLE prosjektet deltaking av ein internasjonal stand, der deltakarar frå Flyktingetjenesta, samt deltakarar frå Frivillighetssentralen selde mat og handlaga produkt.</p> <p>6.Etablering av faste aktiviteter i Evjudalen Dette tiltaket vart ikkje prioritert i 2013, da den fysiske opparbeidinga av Evjudalen må vere på plass først.</p>
<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</p>	<p>ROM for ALLE prosjektet ønskjer om å rette seg mot eit bredt publikum, men med vekt på unge vaksne (18-35) både innflyttarar, studentar og bufaste i Bø kommune og Midt Telemark generelt.</p> <p>Prosjektet har som mål å inkludere så mange som mogleg i aktivitetar og prosessar for å nå prosjektmåla. Dette inneber inkludering av lokalt næringsliv, gårdeigarar, lokale lag og organisasjonar, Høgskulen i Telemark - fakultetet i Bø, bebuarar i Bø sentrum og naboar rundt Evjudalen.</p> <p>Gjennom aktivitetane Bøker i Bø, Kaffedagar og Vintervarmt Torg har prosjektet nådd fram til dei ulike målgruppene. Evjudalen vil óg vere eit område som desse målgruppene vil kunne bruke og ha mykje glede av.</p> <p>Høgskolen i Telemark er ein viktig samarbeidspartner til festivalen Bøker i Bø gjennom forfatterstudiet. Forfatterstudentene er involverte i festivalen gjennom egne programpostar.</p>

I 2013 har det òg blitt jobba med å knytte fleire bånd til Høgskolen. Blant anna har det blitt jobba mot å arrangere eit felles seminar for høgskulebygder i regi av Distriktsenteret, der og Sogndal og Volda er involvert. Førmålet med seminaret er å bygge nettverk, utveksle erfaringar og bygge kompetanse. Det har vore utfordrande å finne ein dato som kan passe for strategiske deltakarar frå alle dei tre bygdene. Dato for samlinga er derfor ikkje fastsatt ennå.

ROM for ALLE prosjektet har i 2013 òg etablert eit nært samarbeid med Viko som er den årlege studentfestivalen i Bø. Det planleggast ei rekke felles arrangement under Kaffedagar og Viko, som holdast samtidig i 2014.

Det lokale næringslivet har vore aktive deltakerar av Kaffedagar og Vintervarmt Torg gjennom handelstanden som medarrangør. Handelstanden arrangerer og marknadsdag under Bøker i Bø der kommunen er delaktig.

Lokale lag og organisasjonar har blitt involvert gjennom dei ulike aktivitetane. Til dømes har Bø Mållag delteke med skrivekonkurranse under Bøker i Bø og Speidergruppa deltok med bålpanne og lavvo på Vintervarmt torg. Torgets Venner, ei gruppe lokale entusiastar, stilte også med eigen stand og konkurransar under Vintervarmt Torg.

Tre private gårdeigarar har deltatt i ROM for ALLE gjennom delprosjektet gårdsrom og arbeidet med Skogenkvartalet. Gårdeigarane har deltatt aktivt på eit fleirtals møte, der dei alle har hatt moglegheit til å komme med sine innspel, ønskje og behov. Samarbeidet med gårdeigarane har vore positivt og kan tene som ein samhandlingsmodell for liknande prosjekt i framtida.

Som ein del av Kaffedagar vart alle innbyggjarar i Bø invitert til ein felles idedugnad der dei hadde moglegheit til å komme med innspel på korleis Bø kan bli ein enda betre plass å bu. Blant anna vart det lagt ut lappar med spørsmål om korleis Bø kan bli ein betre stad å bu, på alle kafeane rundt i bygda. Det kom inn om lag 100 svar som har blitt brukt både av Sentrumsringen og ROM for ALLE-prosjektet. I tillegg til dette oppmoda vi politikarar i Bø om å reise på kaffebesøk til ulike arbeidsplassar for ein uformell prat i kaffepausa. Fire politikarar tok turen til to ulike arbeidsplassar og melde tilbake om at både dei og dei som vart besøkt synast initiativet var positivt.

Barnehagebarna i Bø vart inviterte til ein eigen idedugnad der dei fekk kome med sine innspel på korleis dei ønskjer at rekreasjonsområde i Evjudalen skal sjå ut. Vi fekk inn i underkant av 100 teikningar som vil bli brukt som inspirasjon i den vidare prosessen.

Prosjektleiar/prosjektmedarbeidarar har i tillegg halde ei rekke presentasjonar og orienteringar om prosjektet for ulike grupper gjennom året. Førmålet med fleire av presentasjonane var å be om innspel til prosjektet. Blant presentasjonar kan bl.a nemnast:

- Presentasjon om Kaffedagar og Bøker i Bø for medlemmar i Sentrumsringen i Bø
- Presentasjon av prosjektet for representantar frå Kommunal og

	<p>Regionaldepartementet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Presentasjon av prosjektet på eit ope Folkemøte om Riksveg 36. • Presentasjon av prosjektet for Midt Telemark Naturvernforbund • Presentasjon om Evjudalen for 6. klasse ved Bø Skule • Presentasjon om prosjektet for Midt Telemark Seniorlæring • Presentasjon av prosjektet under BTVØ stedsutvikling-samling i Bø • Presentasjon av prosjektet for Næringsutvalget i Telemark
Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Opparbeiding av Evjudalen Friluftsområde; oppfylling av drenerande masser, etablering av nye gang og sykkelstier, oppgradering av eksisterande sykkelstier, opparbeiding av to nye fangdammar samt utviding av eksisterande fangdam ▪ Samhandlingsprosess med private gardeigarar i Bø ▪ Litteraturfestivalen Bøker i Bø vart gjennomført for andre gong ▪ Ei rekke arrangement og aktivitetar har vore gjennomført på Bø Torg (jf over)
Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan	<p>a) Følger opprinnelig plan b) Forsinket pga. X c) Det er foretatt følgende justering</p> <p>Som nevnt over har det blitt forsinkelsar i opparbeidinga av Evjudalen som følge av ei feilprosjektering som førde til skade på dei tre fangdammene. Det er framleis uvisst når ein komme i gong med reparasjonane. Byggetrinn 2, som i utgangspunktet skulle ha starta hausten 2013, er forsinka grunna dette. Det arbeidast no med å søke om finansiering til den vidare opparbeidinga.</p> <p>Planlegging og utføring av faste aktivitetar i Evjudalen er utsatt, da det er ein føresetnad at den fysiske opparbeidinga er klar før ein planlegg arrangement i området.</p> <p>Framdrifta i dei øvrige delprosjekta er god og følger opprinneleg plan.</p>
Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)	<p>a) Helt lokal effekt X b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. X c) Effekten kommer i hele fylket X d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant</p>
Kort beskrivelse av	<p>Prosjektet følger PLP-metoden (prosjektlederprosess), med faseinndeling. Prosjektet er nå i hovedprosjektfasen.</p>

metodikk i prosjektet (max 250 ord)	Prosjektet er organisert med Bø kommune som prosjekteigar og rådmann som prosjektansvarleg og leiar for styringsgruppa. Prosjektgruppa består av prosjektleiar samt to prosjektmedarbeiderar (arealplanleggar og kultursjef), i tillegg til representant frå fylkeskommunen.																								
Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	Prosjektet har fleire overføringsselement. Modellen for frikjøp , der private utbyggarar kan kjøpe seg fri frå kravet om uteopphaldsareal mot kompensasjon som går til opparbeiding av grøntområde, har spesielt stor overføringsverdi. Det samme har samhandlingsmodellen mellom privat utbyggar og kommunen kring prosessen rundt utforming av forslag til reguleringsplan for Skogenkvartalet. Prosjektet kan og ha overføringsverdi for andre høgskule-kommunar som ønsker å tiltrekke seg fleir studentar og sørge for at desse blir verande etter endt utdanning.																								
Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet	Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet? <ul style="list-style-type: none"> ▪ BTVØ stedsutviklingssamling, arrangert i Drangedal og Bø september 2013 ▪ Krysskonferansen, arrangert i Oslo november 2013 																								
Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	<table border="1" data-bbox="469 1249 1401 1615"> <thead> <tr> <th colspan="3">Årsrekneskap ROM for ALLE 2013</th> </tr> <tr> <th></th> <th>Budsjett</th> <th>Rekneskap</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Bakgårdsrom</td> <td>200 000</td> <td>71 000</td> </tr> <tr> <td>Bø i bevegelse (aktiviteter på Bø Torg/Evjudalen)</td> <td>200 000</td> <td>39 101</td> </tr> <tr> <td>Bøker i Bø</td> <td>300 000</td> <td>387 142</td> </tr> <tr> <td>Fysiske tiltak (Evjudalen)</td> <td>3 600 000</td> <td>8905213</td> </tr> <tr> <td>Prosjektstyring</td> <td>500 000</td> <td>418 554</td> </tr> <tr> <td>Sum</td> <td>4 800 000</td> <td>9 821 010</td> </tr> </tbody> </table> <p>Kommentar til årsrekneskap:</p> <p>Igongsettinga av delprosjektet bakgårdsrom har vore muleg å gjennomføre rimelegare enn først antatt, da kommunen kunne kople seg på eit privat utbyggingsprosjekt.</p> <p>Fleire aktivitetar som har vore gjennomført på Bø Torg, slik som Vintervarmt Torg og verdens største fastelavensris, har vore aktivitetar som har vore muleg å gjennomføre utan alt for store kostnader. Kommunen har i tillegg hatt eit godt samarbeid med handelsstanden i Bø, noko som har vore kostnadsreduserande. På grunn av forsinkelsar i den fysiske opparbeidinga av Evjudalen har det ikkje</p>	Årsrekneskap ROM for ALLE 2013				Budsjett	Rekneskap	Bakgårdsrom	200 000	71 000	Bø i bevegelse (aktiviteter på Bø Torg/Evjudalen)	200 000	39 101	Bøker i Bø	300 000	387 142	Fysiske tiltak (Evjudalen)	3 600 000	8905213	Prosjektstyring	500 000	418 554	Sum	4 800 000	9 821 010
Årsrekneskap ROM for ALLE 2013																									
	Budsjett	Rekneskap																							
Bakgårdsrom	200 000	71 000																							
Bø i bevegelse (aktiviteter på Bø Torg/Evjudalen)	200 000	39 101																							
Bøker i Bø	300 000	387 142																							
Fysiske tiltak (Evjudalen)	3 600 000	8905213																							
Prosjektstyring	500 000	418 554																							
Sum	4 800 000	9 821 010																							

	<p>vore aktuelt å arrangere aktivitetar her, noko som også er årsaken til mindre kostnader i 2013 enn først antatt.</p> <p>Under Bøker i Bø 2013 valte vi å satse meir på tilbod for barn og unge enn det som opprinneleg var planen. Dette førte til ein del ekstrakostnader og bidrog til at festivalen gjekk noko over budsjett.</p> <p>Som forklart i årsrapport for 2012 vart mange av dei fysiske tiltaka utsett til 2013 (jf årsrapport 2012) noko som er grunn til at denne budsjettposten vart overskreden. Midlar avsett til fysiske tiltak for 2012 vart derfor overført til 2013.</p>
<p>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen X b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer X d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) X g) Styrke regionale sentra X h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? X i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? X
<p>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</p>	<p>Prosjektet vil som ein del av hovedprosjektfasa etablere ein organisasjonstruktur for festivalen Bøker i Bø slik at festivalen kan fortsette og etter at prosjektet er avslutta.</p> <p>Vidare vil prosjektet forsøke å forankre aktivitetene knytt til Bø torg og Evjudalen hos lokale aktørar, organisasjonar, lag og foreningar slik at desse og kan videreførast etter prosjektets slutt.</p> <p>Modellen for frikjøp samt samhandlingsmodellen mellom privat utbygger og kommunen vil og videreførast etter at prosjektet er avslutta.</p>